

## **SVEIO KONTROLLUTVAL**

### **PROTOKOLL**

Tysdag **30. januar 2018** blei det halde møte i Sveio kontrollutval under leing av utvalsleiar Olav Haugen.

<b>MØTESTAD:</b>	Kommunestyresalen, Sveio rådhus
<b>MØTESTART/-SLUTT:</b>	kl. 18.00 – kl. 19.10
<b>MØTANDE MEDLEMMER:</b>	Olav Haugen (KrF) og Heidi Selsås (A )
<b>MØTANDE VARAMEDLEM:</b>	Sissel Lier Høines (A), Haldis Rolvnes Stueland (Krf) og Helga Reinertsen (Sp)
<b>FORFALL:</b>	Gustav Eidsvåg ( Frp), Hans Christian Andersen (Frp) og Torill Hagland (H)
<b>FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:</b>	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
<b>FRÅ REVISJONEN MØTTE:</b>	Ingen fra Deloitte AS (etter avtale)
<b>FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:</b>	Ingen (etter avtale)
<b>MERKNADER TIL INNKALLING</b>	Ingen
<b>MERKNADER TIL SAKSLISTE:</b>	I sak 5/18: oppdatert utgåve av årsmeldinga I sak 6/18: korrekte rekneskapstall for revisjon

### **FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:**

#### **SAK 1/18 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 07.11.17**

##### **Sekretariatet si innstilling:**

Protokoll frå møte i Sveio kontrollutval 07.11.17 blir godkjent slik han ligg føre.

##### **Handsaming i kontrollutvalet 30.01.18:**

Utvalet hadde ingen merknader.

##### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 30.01.18:**

*Protokoll frå møtet i Sveio kontrollutval 07.11.17 blir godkjent slik han ligg føre.*

**SAK 2/18 PROSJEKTPLAN – FORVALTNINGSREVISJON – «SAKS-  
FØREBUING OG VEDTAKOPPFØLGING»**

**Sekretariatet si innstilling:**

Sveio kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet «Saksførebuing og vedtaksoppfølging i Sveio kommune» i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre frå Deloitte AS med den/desse endring/ane:

- rapporten må vere klår til utgangen av august 2018.

Ramma vert sett til 250 timar.

**Handsaming i kontrollutvalet 30.01.18:**

Forvaltningsrevisorane frå Bergen hadde meldt forfall pga. sjukdom. Sekretær vidareformidla bakgrunnen for å utvide mandatet til også å gjelde saksførebuing. Revisor hadde ikkje noko imot at levering av rapport blei framskott.

Utvalet meinte tema var viktig for å sikre gode prosessar før vedtak blei fatta, og for gjennomføringa og oppfølginga av politiske vedtak. Utvalet slutta seg til utkastet med sekretariatet si presisering.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 30.01.18:**

*Sveio kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet «Saksførebuing og vedtaksoppfølging i Sveio kommune» i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre frå Deloitte AS med den endring:*

- rapporten må vere klår til utgangen av august 2018.

*Ramma vert sett til 250 timar.*

**SAK 3/18 DELTAKING I SELSKAPSKONTROLL – KARMSUND HAVN IKS**

**Sekretariatet si innstilling:**

Sveio kontrollutval deltek i selskapskontroll med forvaltningsrevisjon i Karmsund Havn IKS i samarbeid med dei andre eigarkommunane og i tråd med det utkast til prosjektplan som ligg føre frå KPMG AS.

Rammen er satt til 180 timer. Kostnadsfordeling mellom eigarkommunane blir etter eigarandel.

**Handsaming i kontrollutvalet 30.01.18:**

Sekretær kunne melde at Haugesund kontrollutval, som største eigar, saman med Karmøy, hadde tidlegare på dagen sagt ja til deltaking. Utvalsleiar framheva at revisjonen var i samsvar med vedteken plan. Utvalet slutta seg til innstillinga.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 30.01.18:**

*Sveio kontrollutval deltek i selskapskontroll med forvaltningsrevisjon i Karmsund Havn IKS i samarbeid med dei andre eigarkommunane og i tråd med det utkast til prosjektplan som ligg føre frå KPMG AS.*

*Rammen er satt til 180 timer. Kostnadsfordeling mellom eigarkommunane blir etter eigarandel.*

## **SAK 4/18 KONTROLLUTVALET SI ÅRSMELDING 2017**

### **Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet i Sveio godkjenner årsmelding for 2017 slik ho ligg føre (eller med endringer som kjem fram i møtet). Sveio kommunestyre tek kontrollutvalet si årsmelding 2017 til orientering.

### **Handsaming i kontrollutvalet 30.01.18:**

Sekretær gjorde greie for hennar rettingar under pkt. 4.3 Selskapskontroll og pkt. 5 Budsjett/rekneskap. Utvalet hadde ingen merknader elles til utkastet. Vedlegget blei signert.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 30.01.18:**

*Kontrollutvalet i Sveio godkjenner årsmelding for 2017 slik ho ligg føre med nemnde rettingar.*

### **og innstilling til kommunestyret:**

*Sveio kommunestyre tek kontrollutvalet si årsmelding 2017 til orientering.*

## **SAK 5/18 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 30.01.18**

1. Statusoversikt - januar 2018
2. Rekneskapstall 2017 – ansvar 1010 – kontroll og revisjon – funksjon 1100
3. Haugaland Vekst IKS – protokoll frå representantskapsmøtet 15.12.17
4. Årsrapport og skatterekneskap 2017 - skatteoppkrevjaren i Sveio kommune
5. Haustkonferansen 30.11.17 i Sandnes – tilbakemelding frå utvalsleiar
6. Påmeldt til Kontrollutvalskonferansen 07.-08.02.18 - nestleiar H.C. Andersen

### **Handsaming i kontrollutvalet 30.01.18:**

Utvalsleiar meinte statusoversikten var veldig grei å halde seg til. Ny rekneskapsrapport for ansvar 10010 revisjon og kontrollutval frå økonomisjefen blei lagd fram etter deira gjennomgang av fakturaer. Utvalet var nøgd med at ramma ikkje var overskriden.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 30.01.18:**

*Kontrollutvalet tar referatsakene 1- 6 til orientering.*

## **EVENTUELT**

### Orienteringar

Sekretær etterlyste innspel på tema som utvalet kunne vere interessert i å få ein orientering om. Ho gjorde sjølv framlegg om kommunen si handtering av dei nye personvernreglane, som vil tre i kraft frå juni. Utvalet støtta framlegget.

Møte nr. 1/18

Utvalet gav også uttrykk for at dei var kunne tenke seg å møte den nye kommunalsjefen for helse og omsorg og at ho orienterte om nytt innanfor hennar ansvarsområde.

Neste møte

Neste møte er sett til **24. april** kl. 18.00. Handsaming av årsrekneskapen for 2017 vil vere hovudsaka. I tillegg vil sekretariatet be om at blir gjeve orienteringar frå administrasjonen.

Sveio/Aksdal, 30. januar 2018

Olav Haugen (sign.)  
Kontrollutvalsleiar

Toril Hallsjø (sign.)  
Utvalsesekretær